



[www.venstre.no/gloppen](http://www.venstre.no/gloppen)

# Eit grønt og liberalt Gloppen.

**VENSTRE**  
Folk først.





# Eit grønt og liberalt Gloppen.

## God veljar!

Dette programmet viser Venstre sine hovudprioriteringar for komande valperiode. Dette er ikkje ei tradisjonell smørbrødliste, men ei rettesnor for kva du som veljar kan forvente deg frå Venstres kommunestyregruppe i perioden som kjem. Vi meiner sjølve det er eit framtidsretta og optimistisk program.

Det handlar m.a. om at miljøet rundt oss er i endring og under press. Vi ser allereie at klimaendringane påverkar samfunnet og vi veit at arts mangfald er trua mange stader. Men vi skal ikkje redde verda aleine, og vi skal heller ikkje gjøre det på fire år. Vi skal likevel ta vår del av ansvaret og gjøre samfunnet litt grønare og meir berekraftig. Det handlar om å ta dei små, men riktige vala i den daglege drifta og forvaltninga. Vi kan ikkje love at vi klarer å gjennomføre alt vi ynskjer, men vi lover å gjøre vårt beste.

Venstre er eit sosialliberald parti som vil prioritere ein ansvarleg kommuneøkonomi, miljø, fridom for den enkelte og ein skule for kunnskap og like moglegheiter. Samstundes skal Gloppen kommune være ein kommune der vi tek vare på kvarandre når det er behov for det. Det betyr at vi skal og må prioritere kommunale kjerneoppgåver i arbeidet med kommunebudsjettet.

Dette er eit lokalval og våre listekandidatar har ein erfaringsbakgrunn som vil komme godt med i kommunepolitikken. Blant dei fire første på lista finn du ein naturforvaltar, ein rektor, ein næringslivsaktør og ein barnevernsleiar. Ta deg difor tid til å studere våre lokale kandidatar og programmet vi stiller til val på.

Ta gjerne kontakt med oss – både før, men og etter valet.  
Venstre set folk først. Godt val!

Alf Erik Rørvik, Ordførarkandidat, Gloppen Venstre.





**"Vi skal likevel ta vår del av ansvaret og gjøre samfunnet litt grønare og meir berekraftig. Det handlar om å ta dei små, men riktige vala i den daglege drifta og forvaltninga"**

- Alf Erik Røyrvik

[venstre.no/gloppen](http://venstre.no/gloppen)  
[facebook.com/gloppenvenstre](http://facebook.com/gloppenvenstre)



# Kunnskap- og kulturkommunen Gloppen.

*Ein god oppvekst er det viktigaste vi kan gje innbyggjarane våre. Gloppen Venstre vil sikre at barnehagane og skulane i Gloppen har økonomisk handlingsrom og fridom til å halde god kvalitet. Gloppen skal framleis være ein av dei beste kulturkommunane i Noreg.*

## Difor vil Gloppen Venstre:

- ✓ Sikre at skular og barnehagar har tilfredsstillande økonomisk og fagleg handlingsfridom
- ✓ Redusere og halde skjema- og rapporteringskrav til skuleeigar på eit absolutt minimum
- ✓ Ha ei sterkare satsing på etter- og vidareutdanning
- ✓ Jobbe for å bevare og styrke Firda vidaregåande skule som ein av kommunen sine viktigaste institusjonar
- ✓ Bidra til at Gloppen Opplærings-senter sin kompetanse vert tettare integrert med dei andre skulane i kommunen
- ✓ Oppretthalde bibliotektilbodet og svømmebasseng på Byrkjelo og i Hyen

- ✓ Jobbe for å ruste opp idretts-plassen på Sandane, i samarbeid med idrettslag og næringsliv. Dette slik at anlegget bidrar til aktivitet, sentrumsutvikling og styrker Firda vidaregåande skule som ein skule for heile Vestland fylke
- ✓ Få til ei permanent ordning med kulterkort for born frå låginntektsfamiliar
- ✓ Marknadsføre Trivselshagen som eit regionalt midtpunkt for ulike arrangement

## Helse – og omsorg.

*Skal Gloppen kommune halde fram med å være ei god kommune å bu i og ei kommune folk vil flytte til, må vi sikre at lovpålagde helse- og omsorgstenester held god kvalitet.*

## Difor vil Gloppen Venstre:

- ✓ Sikre tilstrekkeleg ressursar til sektoren slik at ein får full drift i nytt omsorgsbygg



- ✓ Styrke den heimebaserte pleie- og omsorgstenesta, slik at folk kan få bu heime så lenge som mogleg
- ✓ Føre vidare satsinga kvardags-rehabilitering, rehabilitering og førebyggande tiltak
- ✓ Sikre at vi har nok differensierte tilbod til dei som er demenssjuke, m.a. ulike former for aktivisering/ dagtilbod og avlastningstiltak
- ✓ Lage ei plan for velferdsteknologi i kommunen
- ✓ Effektivisere administrative, økonomiske og praktiske prosessar for å frigjere arbeidshender til direkte helse og omsorgstenester
- ✓ Styrke barnevernstenesta for å være budd på den varsle barnevernsreforma. Gjerne gjennom samarbeid med andre kommunar
- ✓ Prioritere psykisk helsearbeid for barn og unge og løfte fram psykisk helseteam og helsestasjonen sitt arbeid som ei



- ✓ viktig satsing innafor både oppvekst og helse- og omsorg
- ✓ Stimulere det frivillige arbeidet retta mot eldre og funksjonshemma
- ✓ Legge vekt på brukarmeverknad - "inga avgjerd om meg, utan meg"

- ✓ Vi vil arbeide for trygg gang og sykkelveg frå Øyrane til Sandane sentrum og frå sentrum til Bukta
- ✓ Gjennom eit tydeleg jordvern og naturvern sikre lokal produksjon av rein mat og tilgang til rent vater, rein luft og naturopplevingar

## Eit grønt Gloppen.

*Natur-, klima- og miljøpolitikk er viktig også lokalt.*

### Difor vil Gloppen Venstre:

- ✓ Prioriterte bustadfelt og tomter i nær tilknyting til etablerte tettstadar i kommunen
- ✓ Auke utnyttingsgrad og byggje-høgde på sentrumsnære areal
- ✓ At heile den kommunale bilparken skal vere utsleppsfree og at vi skal stille strenge miljøkrav til drift og oppvarming av bygg
- ✓ Omsynet til miljøet skal gjennomsyre all kommunal planlegging og aktivitet. Heile den kommunale verksemda bør få status som miljøfyrtårn.
- ✓ Utvikle allereie eksisterande grøne lunger i Sandane sentrum.
- ✓ Sentrumsutvikling og arealplanlegging må i større grad skje på mjuke trafikantar sine premissar

## Eit kreativt og verdiskapande Gloppen.

*Venstre vil sleppe skaparkrafta laus og legge til rette for vekst og utvikling i Gloppen. Dette må skje i tett samarbeid med lokalt næringsliv, den vidaregåande skulen og andre aktørar.*

### Difor vil Gloppen Venstre:

- ✓ Drive eit aktivt og systematisk arbeid retta inn mot ungdom under utdanning og bidra med tomter og bustader for nyetablerarar
- ✓ Utnytte Husbanken sine tilskots- og låneordningar til fyrstegangskjøparar og vurdere eigne garantiordningar for dei som skal inn på bustadmarknaden for fyrste gong
- ✓ Sikre at verksemder som vil satse i Gloppen får tilgang



på næringsareal

- ✓ At kommunen ikkje skal involvere seg i aktivitet som konkurrerer med eige næringsliv
- ✓ Etablere faste møteplassar der etablerte og nye verksemder får delta i relevante fagnettverk
- ✓ Motivere næringsdrivande til å tilpasse seg nye kommunikasjonsformer og måten kundane vel å handle på
- ✓ Arrangere faste møtepunkt med potensielle tilflyttarar
- ✓ Gloppen kommune skal samarbeide og ta del i fellesprosjekt med næringsapparatet til dei andre kommunane i Nordfjord
- ✓ At Gloppen kommune skal være ein ansvarleg og langsiktig eigar i SFE med mål om å sikre verdiane i bedrifta og lokalmiljøet på ein best mogleg måte
- ✓ At Gloppen kommune skal prioritere plan og reguleringsarbeid slik at dette stettar både private og næringsdrivande sine behov



# Eit framtids- retta Gloppen.

*Ansvarleg kommuneøkonomi, infrastruktur og regional utvikling er nøklar for at vi også i framtida kan levere gode tenester og legge til rette for vekst og utvikling.*

## Difor vil Gloppen Venstre:

- ✓ Prioritere kommunale kjerneoppgåver i det kommunale budsjettarbeidet
- ✓ Legge til rette for budsjettprosessar som gjev politikarane reelle hove til å prioritere
- ✓ Halde fram med å effektivisere og modernisere heile den kommunale drifta
- ✓ Halde fram arbeidet med å styrke Nordfjord som eit bu og arbeidsmarknadsområde
- ✓ Jobbe for snarleg utbetring av E 39 mellom Byrkjelo og Sandane og halde oppe trykket for å realisere bru mellom Lote og Anda
- ✓ Legge til rette for samarbeid med andre kommunar der dette vil gje betre tenester og mindre kostnader.
- ✓ På litt lenger sikt ynskjer vi framleis at Gloppen skal bli ein del av ei større kommune







# Nytt Vestland – ny giv!

Vestland Venstre vil ha eit grønt nyskapande Vestland. Vi må ta klimagassutslepp, tap av naturmangfald og plastforsøpling på alvor. Næringslivet i Vestland skal vere i front på grøn innovasjon og utvikling av fornybar energi. Vestland fylke skal vere klimanøytralt innan 2030.


Vestland skal vere best på kultur. Derfor vil Vestland Venstre løfte dei profesjonelle kunst- og kulturinstitusjonar i heile Vestland og i Bergen som internasjonal kulturbyp. Venstre vil også sikre frivilligheita gode rammer for å bygge inkluderande lokalsamfunn.

Vi skal skape ein skule for framtida. Vi vil jobbe for fritt skuleval og kvalitet i den vidaregåande skulen i den nye fylkeskommunen.

Vestland skal ha betre kollektivtilbod og trygge vegar. Det nye Vestland må bindast saman gjennom auka satsing på infrastruktur. Gode og trygge vegar, kollektivtilbod og breiband er avgjerande for busetnad, miljø og næringsliv.

**Stem på Vestland Venstre ved fylkestingvalet!**





**Gunhild Berge Stang,  
fylkesordførarkandidat Vestland Venstre**





# GLOPPEN VENSTRE



**1. Alf Erik Rørvik**  
f. 31.08.1982, Hyen



**2. Olav Fuglestrand**  
f. 18.07.1963, Kandal



**3. Vigdis Henden**  
f. 27.01.1962, Sandane

**4. Bjarte Gangeskar**  
f. 21.08.1966, Reed

**5. Elin Støylen**  
f. 27.02.1997, Sandane

**6. Bjarte Heggheim**  
f. 24.06.1970, Byrkjelo

**7. Aslaug Nesje Bjørlo**  
f. 14.01.1951, Sandane

**8. Henrik Mølmann**  
f. 19.11.2001, Sandane

**9. Preben Moen**  
f. 17.09.1990, Sandane

**10. Ragnhild Eimhjellen**  
f. 19.04.1953, Sandane

**11. Ola Sundt Ravnestad**  
f. 31.05.1961, Sandane

**12. Liudmila Solenova**  
f. 23.01.1966, Sandane

**13. Ragnar Eimhjellen**  
f. 30.08.1943, Sandane

**14. Bernt Kristian Holtan**  
f. 01.04.1943, Sandane

**15. Abraham jr. Johnny**  
f. 12.03.2001, Sandane

**16. Njål Helgheim**  
f. 04.05.1965, Sandane

**17. Hugleik Almenning**  
f. 24.06.1942, Breim

**VENSTRE**  
Folk først.

